

Vestland fylkeskommune og samarbeidsgruppa for russen

For fylkesdirektør opplæring og kompetanse er tiltaket med ei eiga tverrfagleg samarbeidsgruppe om russefeiring koordinert i fylkesadministrasjonen viktig for målet om lik praktisering av dei lover og reglar som gjeld i skuleverket, og at desse vert følgde også gjennom russetida. Samarbeidsgruppa har faste møte gjennom skuleåret.

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse ønskjer gjennom samarbeidsgruppa og den nye ordninga med russeråd å være i tett samarbeid med russen i Vestland fylkeskommune. Målet med etablering av russeråd er ei meir inkluderande, trygg russetid for alle elevar i dei vidaregåande skulane i fylket. Ein kan med etablering av ordninga med russeråd ha tett kontakt med dei lokale russestyra og høyre kva russen ønskjer. Russeråd gjev dei enkelte skulane moglegheit til å delta på lik line. Den enkelte skule får delta med ein representant, i Vestland har vi 45 offentlege og 13 private vidaregåande skular.

Det skal organiserast eit rådstyre i russerådet. Rådstyret må vende seg til russerådet for å få vedtak for kva som skal gjennomførast. Det er det samla russerådet som bestemmer.

Russeråd styret skal fordelast på følgjande ulike roller:

- President
- Visepresident
- Knutesjef
- Arrangementssjef
- Presse sjef
- Smitte og tryggingssjef
- Økonomisjef

Russerådet vil også få eigen plass på nettsida <https://vestruss.no/>

Nettside, - vestruss.no

For å samle informasjon og ha ein felles arena, lanserte Fylkesdirektør opplæring og kompetanse med samarbeidspartnarar ei eiga nettside for russen i Vestland, - <https://vestruss.no/> Nettsida gjev den enkle skule tilgang til å legge ut informasjon om lokalt russestyre og lokalearrangement. Russen må få eigarskap til denne nettsida. Rektor ved den enkelte skule får tilgang og kan deleger denne til sin lokale russepresident. Korleis skulen kan legge inn informasjon og redigere, vert sendt skulane i vedlegg til dette brevet. Nettsida vart lansert på strøyma informasjonsmøte til all russen i Vestland 2610

Mål med nettsida, gjennomføring av ei deltakande, samlande, inkluderande og trygg russetid for all russen i Vestland. Nettsida skal t.d. kunne gje russ og føresette tilstrekkeleg informasjon om helse, tryggleik, godkjenning av køyretøy, arrangement regionalt og lokalt.

Samarbeidsgruppa om russefeiring 2019-2020 i Vestland fylkeskommune

Namn	Funksjon	E-post
FASTE DELTAKARAR I SAMARBEIDSGRUPPA		
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse	Bjorn.Lyngedal@vlfk.no
Anne Grethe Korsmo Bergen kommune/Stend vgs.	Helsesjukepleiar	anne.korsmo@bergen.kommune.no
Dara Nazari	Politiførstebetjent	Darah.Naziri@politiet.no
Brynhild Lyssand Eide	Politiførstebetjent	Brynhild.Lyssand.Eide@politiet.no
Lars Berntsen Amalie Skram vgs.	Rektor	Lars.Berntsen@vlfk.no
Anne Berit Roksvåg Tertnes vgs.	Avd. leiar	Anne.Berit.Roksvag@hfk.no
Geir Oskar Silseth Metis vgs.	Sosialrådgivar	geir.oskar.silseth@metis.no
Ann-Magrit Grip Bergen kommune	SLT-koordinator	Ann-Magrit.Grip@bergen.kommune.no
Knut Olav Røssland Nestås	Regionleiar Vestland	nestas@tryggtrafikk.no
Lars Harald Drange	Statens vegvesen, Trafikant og kjøretøy	lars.drange@vegvesen.no
Hege Osebakken	Koordinator	hege.osebakken@vlfk.no